

---

**Fra:** Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>  
**Sendt:** torsdag 8. februar 2018 15.03  
**Til:** Tonje Nepstad Epland  
**Kopi:** post@flohholmen.no; Lisbeth Toppe Alvær; Rolf Raknes; Jon Askeland; Jarle Landås; Arthur Kleiveland; Christel Villanger Håland; Leif Gunnar Taule; Morgan Taule; Liv Berit Rath; Dag Sætre; May Britt Vågenes Gjerde; Roy Bø; fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Emne:** SV: Fløholmen  
**Vedlegg:** K-sak 014-2014 med notatar.pdf; brev frå Statens vegvesen 170611.pdf

Me lyt då sjå nærare på kven som har informert om kva, og kva det er gjort vedtak om.

Påstanden om at saka er avslutta må, etter det eg kan sjå, skriva seg frå kommunestyresak 014-2014 der det på siste side i møteboka (vedlagt) heilt til slutt i siste setning er står : «Om vedtaket ikkje vert følgt opp, vert plansaka avslutta».

Som det framgår av det vedlagde, er saksframlegget (datert 10. 04. 2014) endra etter kommunestyremøtet, ved at det er lagt til ei oppsummering av rådmannens orientering til kommunestyret og referat(?) frå saksføreavinga.

Eg vil be om å få tilsend saksframlegget i original form, dvs. slik det vart lagt fram for kommunestyret (før møtet).

Det er også av interesse å få klårlagd om det er korrekt at rådmannen gitt følgjande informasjon på kommunestyrmøtet : «...Statens vegvesen har signalisert at det kan bli aktuelt med motsegn til planen...» utan å nemna at vegvesenet skriftleg har stadfesta at dette ikkje er aktuelt, jamfør vedlagde skriv.

Eg vil også be kommunen dokumentera at eg har kravd saka lagt fram for kommunestyret til endeleg avgjerd.

Siv. ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkg. 7B  
5059 Bergen  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
tlf 55 59 82 62  
mob 907 88 921

---

**Fra:** Tonje Nepstad Epland [<mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no>]  
**Sendt:** 8. februar 2018 12:40  
**Til:** 'vidar-mj@online.no' <[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)>  
**Kopi:** [post@flohholmen.no](mailto:post@flohholmen.no); Lisbeth Toppe Alvær <[Lisbeth.Alvaer@radoy.kommune.no](mailto:Lisbeth.Alvaer@radoy.kommune.no)>  
**Emne:** SV: Fløholmen

Kommunen viser til tidligere korrespondanse der det tydeleg er informert om at plansak 12602010000300 Fløholmen er avslutta, seinast gjennom Hovudutvalet si avgjerd av 24.01.18.

Planen vil ikkje verte lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.

Kommunen vil ikkje svare på fleire brev/e-post frå dykk som gjeld den avslutta plansaka.

Helsing  
Tonje Nepstad Epland  
Leiar teknisk forvaltning

### Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger  
Tlf.dir: 56 34 90 50  
E-post: [tonje.epland@radoy.kommune.no](mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no)



---

**Fra:** Rolf Raknes  
**Sendt:** torsdag 8. februar 2018 11.56  
**Til:** Tonje Nepstad Epland  
**Emne:** Fwd: Fløholmen

Til info.

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

**Fra:** Vidar Mjøs <[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)>  
**Dato:** 8. februar 2018 kl. 11:37:02 CET  
**Til:** <[Rolf.Raknes@radoy.kommune.no](mailto:Rolf.Raknes@radoy.kommune.no)>  
**Kopi:** Håkon Zakariassen <[post@floholmen.no](mailto:post@floholmen.no)>  
**Emne:** Fløholmen

Hei

Vedlagt : Skisse Trinn 2 Veg til Nordre Byngja

Konsept :

- Veg frå snuplass, tvers over industriområdet, til Nordre Byngja
- Via kryss med veg nordover til småbåthamn (opptrekk) og sørover mot fylkesvegen
- Vegen sørover kan vidareførast på innsida av dagens fylkesveg
- Eksisterande fylkesveg forbi bnr. 15 kan omgjerdast til kjørbar gangveg

Skissa, som viser at det ikkje er behov for å planleggja fortau gjennom tunet på bnr. 15, kan vedleggjast reguleringsaka ved utlegging til offentleg ettersyn.

Siv. ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkg. 7B  
5059 Bergen  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
tlf 55 59 82 62  
mob 907 88 921